HORDALAND FYLKESKOMMUNE

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Deres ref.:	Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato:
	2019/28-15	Bjørg Larsen	19. juni 2019

Avslag på søknad om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2019 - Nesvatnet nærmiljøanlegg - toalett ved Nesvatnet friluftsområde , med anleggsnummer 72374 i Radøy kommune.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fordelt spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i møte 18. juni 2019.

Søknaden er avslått på grunn av låg prioritering i forhold til andre søknadar som var til behandling. Midlane som er tilgjengeleg i ordninga strekk ikkje til alle søknadene som er fremja.

Søknaden tilfredsstiller samstundes dei formelle vilkåra for tilskot, og kan fremjast på nytt i neste søknadsrunde. Søknaden kan fornyast når det vert opna for innsending av søknader i neste søknadsperiode. Ta vare på søknadsnummeret frå årets søknad.

Klagerett:
Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør for kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Dette brevet er elektronisk godkjend og har derfor inga signatur